



Vidar Haugland(framme f.v.), Frode Stensletten, Magne Huglen, Kristian Bringedal(bak f.v.), Kjell Yri og Hans Ordin Østebø er innstilt på ei god framtid for nettsida.

Frammøte var for lite, men kvaliteten var god då uskedalen.no inviterte til møte om den framtidige drifta av nettsida. Sjølv med berre 7 til stades, vart det eit oppløftande møte. Alle var positive til å yta bidrag til drifta, og fleire var også villige til å skriva og levera stoff. Det står enno ein del att før sida har kontaktpersonar hos all dei som brukar sida mykje.

Det er viktig at alle lag og brukarar no utnemner kontaktpersonar, og sender melding til Kristian Bringedal, kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no, om kven det er med kontaktinformasjon. Dei vil så få tilsendt mal for korleis ein leverer stoff. Denne vert utarbeidd av Hans Ordin Østebø.

Etter omlegginga er det viktig at brukarane i større grad nyttar seg av dette og er aktive sjølv. Dei redaksjonelle medarbeidarane vil i langt mindre grad ha anledning til å driva oppsøkjande aktivitet.

Det var ein svært positiv stemning på møtet, og dersom brukarane no følgjer opp med aktive kontaktpersonar, vil nettsida også framover ha stor verdi for både firma, lag og bygda elles.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.